

Arbeidsutvalet - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Møte: 6-2021
Tid: Fredag 12. mars kl. 09.00 – 10.30
Stad: Teamsmøte

Til stades:

Arbeidsgruppa:	Kristin Nåmdal (Alver), Asbjørn Toft (Austrheim), Jan Torry Sande (Fedje), Ingvild Høydal (Gulen), Sveinung Toft (Masfjorden), Pelle Engesæter (Osterøy), John Hoshovde (Vaksdal)
Andre:	Hans Kristian Dolmen (HK), Bent Gunnar Næss (BG),
Referent	Bent Gunnar Næss
Forfall	Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen), Terje Villanger

Sak 12/21	Godkjenning – saksliste og innkalling Vedtak: Det var ingen merknad til saksliste og innkalling.
Sak 13/21	Referat – forrige møte Referatet var sendt ut tidlegare for kommentarar. Vedtak: Referatet vart godkjent.
Sak 14/21	Planprogrammet – høyring – status Regionalt <ul style="list-style-type: none">• Planprogrammet er sendt ut til deltakarane på høyringslista• Lagt ut på heimesida til Regionrådet http://www.regionnordhordland.no/• Annonse i lokalavisene – er bestilt• Kommunane har fått det sendt til postmottak for vidare lokal utsending Møte regionalt <ul style="list-style-type: none">• Møte med Næringslaget – bransjegruppa Havbruk 23. mars• Møte med friluft og miljøorg – vil bli avtalt• Fiskarlaget – vil bli kontakta Kommunalt nivå <ul style="list-style-type: none">• Hadde ein status for kommunane – dei fleste får det sendt ut til lokale aktørar i neste veke – veke 11. Det vil også bli lagt ut på kommunen si heimeside med link til Regionrådet – sjå Modalen som har gjort det Felles mal for presentasjon For å sikre at vi har mest mogleg same presentasjon av høyringa vert det utarbeida ein felles ppt som kan nyttast. HK og BGN startar på det arbeidet, men resten av arbeidsgruppa vert også involvert.

<p>Sak 15/21</p>	<p>Vidare arbeid – fakta-/kunnskapsgrunnlaget</p> <p>Det er viktig at ein kjem i gong med arbeidet med kunnskapsgrunnlaget. Dette er eit omfattande arbeid og arbeidsgruppa ser at det må kjøpast inn ekstern hjelp/konsulent for å bistå i dette arbeidet. Det må stillast tydelege krav til den eksterne om god kunnskap og oversikt over fagområdet. Det er omfattande mengde eksisterande fakta/data på området som må settast saman på ein forståeleg og relevant måte og at det blir dekkja på ein god måte. Dette må også sjåast opp i mot GIS analysen slik at det blir samkøyrte på ein god måte.</p> <p>I mappe «2 Plandokument/Planskildring» er første utkast/innhaldsliste – det er da spesielt kap 6. som den eksterne konsulenten må bidra/skrive.</p> <p>Arbeidet til den eksterne konsulenten må koordinerast med prosjektet sin administrasjon og arbeidsgruppa. Det må vere ein fagperson som kan samarbeide godt med prosjektet.</p> <p>I første omgang er det snakk om kunnskapsgrunnlaget, men det vil også vere naturleg at den fagpersonen kan bidra i KU når det startar opp. Det vil vere hensiktsmessig og rasjonelt at det er same person.</p> <p>Det må utarbeidast ein kravspesifikasjon til arbeidet. Den vert sendt til 3 til 4 firma som er aktuelle som blir bedt om å kome med tilbod og forslag til løysing.</p> <p>Det vert etablert ei anbudsgruppe som jobbar vidare med dette og det er – Hans Kristian Dolmen, Pelle Engesæter, Terje Villanger og Bent Gunnar Næss.</p>
<p>Sak 16/21</p>	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Miniseminar på Teams – 26. mars – «Trafikklyssystemet» - sjå egne kalenderinnkalling • Det er søkt om skjønnsmidlar til prosjektet • Neste møte er 9. april – vert sannsynlegvis eit Teams møte <p>Knarvik, 12. mar 2021</p>